



~~~~~==<(\*)>==~~~~~

Budsjettet er det dokumentet som definerer kva ein kan få til av aktivitetar og fordelinga av inntekter. I år er det foreslått delvis store endringar i budsjettet, noko som gjer at det er vanskeleg å setje opp ei direkte samanlikning frå tidlegare år. Vi vonar at budsjettmodellen kan halde seg fast i tida framover for å lindre på dette.

### **Vidareføring av ambisjonsnivå for inntekter (post 1.1.1, 1.1.2, 1.1.4 og 1.1.5)**

Vi foreslår å vidareføre om lag same ambisjonsnivå for inntekter frå BUFDIR (driftsstøtte), administrasjonsandel for Frifond og MVA-kompensasjon.

### **Nye inntektskjelder (post 1.1.7)**

Vi ynskjer å satse på å få inntekter til nokre av prosjekta våre direkte frå departement og direktorat. Det er store summar å hente her, og det er foreslått å skaffe om lag 100.000kr rett frå desse kjelda.

### **Forbundskontingent (post 1.1.3)**

Vi foreslår å kutte kontingenten frå 465.000kr til 300.000kr. Dette medfører eit budsjettkutt på 165.000kr, 179.000kr justert for prisauke. Vi tykkjer at det er gledeleg å kunne gjennomføre dette kuttet, noko som vil medføre ei stor omfordeling til lokal aktivitet.

### **Utleieinntekter (post 1.1.6)**

Hittil i 2008 er det om lag 40.000kr i inntekter ved utleige av Hyperionbilen. Vi ynskjer å vidareføre om lag dette nivået for 2009, men ser òg at det er mogleg å få meir inntekter om det blir satsa meir på promotering av ordninga.

### **Finansinntekter (post 1.2.1)**

Vi har no ein solid eigenkapital, og det er ikkje usannsynleg å få 50.000kr i renter om formua blir godt forvalta.

### **Medlemstilbod (kapittel 2.3)**

Inntekta under medlemstilbod er tenkt til dømes annonseinntekter frå Pegasus. Programmet bestem kva prosjekt som får pengar, forbundsstyret fastset detaljar.

### **Organisatorisk drift (kapittel 2.1)**

Under organisatorisk drift finn du «demokratiet vårt», som organa Forbundsstyret, Arbeidsutvalet, Landstinget og liknande. I dette budsjettforslaget har vi synleggjort alle kostnader knytt til Arbeidsutvalet (tidlegare var dette fordelt på postar som Reise, Personalkostnader og meir).

### **Administrativ drift (kapittel 2.2)**

Husleige er auka drastisk, då vi må flytte i april 2009. Posten er tilsvarande det Arbeidsutvalet estimerer  $\frac{3}{4}$  av årskostnaden for eit nytt lokale vil vere på.

### **Aktivitet (kapittel 2.3)**

Dette budsjettkapitlet er nest størst, og her er kostnadene for ting spesifisert i programmet representert. For å unngå at ting prioritert i programmet ikkje har midlar til å bli gjennomført, har vi vald å samle det meste i posten «Medlemstilbod generelt». På denne måten vil prioritering i programmet bestemme kor mykje pengar kvart tiltak får. Forbundsstyret kan vedta detaljbudsjett.

### **Smal bunnlinje**

Bunnlinja er satt til 41.000kr, noko som ikkje er mykje å gå på. Det er vår vurdering at den gode situasjonen vi har med eigenkapital gjer at dette er mogleg.

### **Støtteordningar (post 2.3.3 og 2.3.4)**

Budsjettposter Frifond er ikkje representert her, då vi ikkje veit kor mykje denne vil vere på og eventuelle inntekter her ikkje kan omfordelast til andre postar. Nivået prosjektstøtte blir fastsett i eit eiga dokument.

## Innstilling frå Forbundsstyret til Landstinget

| <b>Inntekter</b>                     |                                     | <b>2,009</b>           | <b>Note</b> |
|--------------------------------------|-------------------------------------|------------------------|-------------|
| <b>1.1 Generelle inntekter</b>       |                                     |                        |             |
| 1.1.1                                | Statsstøtte – driftstilskot         | kr 2 000 000,00        |             |
| 1.1.2                                | Statsstøtte - internasjonalt arbeid | kr 6 000,00            |             |
| 1.1.3                                | Medlemskontingent                   | kr 300 000,00          |             |
| 1.1.4                                | Administrasjonsandel Frifond        | kr 80 000,00           |             |
| 1.1.5                                | Momskompensasjon                    | kr 200 000,00          |             |
| 1.1.6                                | Utleige                             | kr 35 000,00           |             |
| 1.1.7                                | Sal av varer og andre inntekter     | kr 100 000,00          | 1.5         |
| <b>Sum</b>                           |                                     | <b>kr 2 721 000,00</b> |             |
| <b>1.2 Prosjektbaserte inntekter</b> |                                     |                        |             |
| 1.2.1                                | Medlemstilbod                       | kr 150 000,00          |             |
| <b>Sum</b>                           |                                     | <b>kr 150 000,00</b>   |             |
| <b>1.3 Andre inntekter</b>           |                                     |                        |             |
| 1.3.1                                | Finansinntekter                     | kr 50 000,00           |             |
| 1.3.2                                | Frifond                             | kr 0,00                |             |
| <b>Sum</b>                           |                                     | <b>kr 50 000,00</b>    |             |
| <b>Utgifter</b>                      |                                     |                        |             |
| <b>2.1 Organisorisk drift</b>        |                                     |                        |             |
| 2.1.1                                | Landstinget                         | kr 350 000,00          |             |
| 2.1.2                                | Forbundsstyret                      | kr 120 000,00          |             |
| 2.1.3                                | Arbeidsutvalet                      | kr 65 000,00           | 2.6         |
| 2.1.4                                | Lønskostnader                       | kr 930 000,00          |             |
| 2.1.5                                | Komitear og arbeidsgrupper          | kr 20 000,00           | 3           |
| 2.1.6                                | Internasjonalt arbeid               | kr 20 000,00           |             |
| 2.1.7                                | PR og Informasjonsarbeid            | kr 120 000,00          |             |
| <b>Sum</b>                           |                                     | <b>kr 1 625 000,00</b> |             |
| <b>2.2 Administrativ drift</b>       |                                     |                        |             |
| 2.2.1                                | Husleige                            | kr 230 000,00          |             |
| 2.2.2                                | Infrastruktur                       | kr 60 000,00           |             |
| <b>Sum</b>                           |                                     | <b>kr 290 000,00</b>   |             |
| <b>2.3 Aktivitet</b>                 |                                     |                        |             |
| 2.3.1                                | Medlemstilbod generelt              | kr 640 000,00          | 4           |
| 2.3.2                                | Utleigeordninga                     | kr 60 000,00           |             |
| 2.3.3                                | Frifond ordinær                     | kr 0,00                |             |
| 2.3.4                                | Prosjektfond                        | kr 0,00                |             |
| <b>Sum</b>                           |                                     | <b>kr 700 000,00</b>   |             |
| <b>2.4 Andre kostnader</b>           |                                     |                        |             |
| 2.4.1                                | Forsikringer og kontingenter        | kr 60 000,00           |             |
| 2.4.2                                | Tap på fordringer                   | kr 20 000,00           |             |
| 2.4.3                                | Avskrivninger                       | kr 60 000,00           |             |
| 2.4.4                                | Andre kostnader                     | kr 30 000,00           |             |
| <b>Sum</b>                           |                                     | <b>kr 170 000,00</b>   |             |
| <b>2.5 Finanskostnader</b>           |                                     |                        |             |
| 2.5.1                                | Revisor- og rekneskapstenester      | kr 90 000,00           |             |
| 2.5.2                                | Finanskostnader                     | kr 5 000,00            |             |
| <b>Sum</b>                           |                                     | <b>kr 95 000,00</b>    |             |
| 1                                    | Inntekter                           | kr 2 921 000,00        |             |
| 2                                    | Utgifter                            | kr 2 880 000,00        |             |
| <b>Resultat</b>                      |                                     | <b>kr 41 000,00</b>    |             |

1 Består av 'andre inntekter' og 'sal av varer'

2 Inkluderer Personalkostnader og delar av Reise

3 Var tidlegare del av 'Arbeidsutvalet'-posten

4 Inkluderer arrangement, Pegasus og kurs- og seminar

5 Prosjektmidler frå staten

6 Alle som mottar fast honorar skal tegne arbeidsavtale som stipulerer deres ansvar og goder.

7 Generalsekretær og leiar har krav på stillingsprosent på 100%, men kan frasei seg delar av dette til omfordeling i AU. Kvart AU-medlem har krav på ei stillingsprosent på 20%. Lønsnivået skal vere 250.000kr for stillinger over 50% og 210.000kr for stillinger under 50%.